

Europaparlamentet: Meir framgang i brexit-forhandlingane før forhandlingar om det framtidige tilhøvet EU27-Storbritannia kan starte

4. oktober 2017

- *Eit stort fleirtal i Parlamentet meiner det er behov for meir framgang i forhandlingane om utmelding før forhandlingar om det framtidige tilhøvet til Storbritannia kan starte*
- *Det europeiske råd skal vurdere eventuell oppstart av forhandlingar om det framtidige tilhøvet på sitt møte 19. og 20. oktober.*
- *EU framstår stadig som samla i sin posisjon knytt til brexit-forhandlingane med fokus på borgarrettar, Nord-Irland og avklaring av det finansielle oppgjeret ved brexit*

Det er behov for meir framgang i forhandlingane om utmelding før det er aktuelt å starte forhandlingar om det framtidige tilhøvet mellom Storbritannia og EU27. Det var eit klart signal frå Europaparlamentet i dag. I ein resolusjon som vart vedteke med 557 mot 92 røyster og 29 blanke, etterlyser Europaparlamentet avklaring knytt til borgarrettar, Nord-Irland og det finansielle oppgjeret ved brexit. Europaparlamentet skriv i ei [pressemelding](#) at statsminister Mays lovnader i talen i Firenze må reflekterast i konkrete forhandlingsframlegg.

Det vart ikkje vedteke nokon endringar til [utkastet til resolusjon](#) som var lagt fram av fem av dei politiske gruppene. Den felles resolusjonen var fremja av sentrum høgre (EPP), sentrum venstre (S&D), dei liberale (ALDE), ytre venstre (GUE/NGL) og Dei grønne og viser at Europaparlamentet er uvanleg samla i brexit-spørsmålet. Ein alternativ resolusjon frå ytre høgre-gruppa (EFDD fekk dermed ikkje tilslutning.

Både kommisjonspresident Jean-Claude Juncker og EUs forhandlingsleiar Michel Barnier understreka behovet for framdrift knytt til utmeldinga sine innlegg i dag. Dersom ikkje forhandlingsrunden neste veke gjev konkrete resultat, vil det vere umogleg for Det europeiske råd å gje tilslutning til å starte forhandlingar om det framtidige partnerskapet mellom EU27 og Storbritannia. Dei ynskje velkomen dei positive signala frå Theresa May i hennar Firenze-tale, men understreka også at ein tale ikkje er det same som konkrete framlegg i forhandlingane. Barnier avviste alle påstandar om at EU forsinkar forhandlingane, er ute etter å straffe Storbritannia eller driv med finansiell utpressing. Det er Storbritannia som har brukt lang tid både på å ta initiativ til å starte forhandlingane og som i motsetning til EU har vore lite konkrete i sine forhandlingsposisjonar så langt. Dette gjeld spesielt det finansielle oppgjeret. Det er uaktuelt å la skattebetalarane i EU27 ta rekninga for kostnader som skuldast ei avgjerd i Storbritannia. Han gjentok at dei fire fridomane i den indre marknaden ligg fast og ikkje kan forhandlast om. Han takka for støtta frå Europaparlamentet, og sa seg glad for involveringa frå Europaparlamentet som jo må godkjenne den endelege utmeldingsavtalen med Storbritannia.

Også det estiske formannskapet etterlyste konkrete posisjonar frå Storbritannia. Jamvel om det synes vere semje om ein del overordna prinsipp, er ein langt unna semje om korleis desse skal gjennomførast i praksis. Det er derfor stadig usikkert kva konklusjon EUs stats- og regjeringssjefar kan trekke på møtet i Det europeiske råd seinare 19 og 20. oktober, men EU27 står samla.

Den tre timer lange debatten før avrøystinga understreka stor grad av semje både mellom partigrupper og mellom land. Mange av innlegga var knytt til behovet for å sikre borgarrettar både i EU27 og i Storbritannia og å sikre freden i Nord-Irland.

Manfred Weber (EPP, Tyskland) var svært kritisk til manglane avklaringar frå den britiske regjeringa og det vart lagt merke til at han bad Theresa May sparke Boris Johnson.

Gianni Pittella (S&D, Italia) sa Storbritannia i ei eventuell overgangsperiode må respektere EU-domstolen og dei fire fridomane. Det er uaktuelt å ta frå EU-borgarar eksisterande rettar dei har i Storbritannia.

Guy Verhofstadt (ALDE, Belgia) sa seg lei for lite framgang i forhandlingane, men sa dette skuldast manglande avklaringar og semje på britisk side. I EU er det derimot ei uvanleg grad av semje. Han oppmoda Theresa May om å kom med avklaringar på partikonferansen denne veka.

Marita Anderson (GUE/NGL, Storbritannia) sa utkastet til resolusjon var balansert. Med sitt opphav i Nord-Irland la ho vekt på situasjonen der og at brexit ikkje må sette freden i Irland i fare.

Philippe Lamberts (Dei grøne, Belgia) sa det ikkje er nokon vinnarar som følgje av brexit, men at det er viktig å avgrense dei negative effektane så langt som råd. Mange borgarar er uroa pga. uvisse om framtida og mange borgarar opplever allereie praktiske problem og forskjellsbehandling.

Desse fem hovudinnlegga frå dei fem gruppene som sto bak utkastet til resolusjon, var representative for dei mange andre innlegga i debatten representantar i dei same gruppene heldt utover i debatten.

Talarar frå den konservative gruppa (ECR) der dei britiske konservative er med, hadde naturleg nok ein litt annan innfallsvinkel. Innlegg frå denne gruppa understreka i større grad behovet for å finne balanserte løysingar som kunne ivareta behovet til både EU27 og Storbritannia. Også frå denne gruppa kom det likevel kritikk mot den britiske regjeringa for å vere splitta og lite konkret og for at det hadde vore skuffande lite framgang dei siste månadane.

Det var berre dei to ytre høgre gruppene (EFDD og ENF) som hadde eit heilt anna syn i debatten. Innlegg frå desse gruppene tok til orde for at Storbritannia berre burde melde seg ut, at landet ikkje hadde finansielle plikter over EU og at landet ville klare seg godt med WTO-avtalen som basis for handel. Det vart også teke avstand frå ideen om eit sikkerheits- og forsvarspolitisk samarbeid mellom Storbritannia og EU27 etter brexit. Storbritannia må ikkje underleggje seg EUs utanrikspolitikk. Nigel Farage (EFDD, Storbritannia) brukte sitt innlegg på å kritisere at Juncker fordi han ikkje hadde snakka om situasjonen i Katalonia i si innleiing (det er ein eigen debatt om Katalonia onsdag). Han kritiserte også Theresa May for å vere for ettergjevande overfor EU og sa ho burde trekke seg.

Kommentar:

Både debatten og det store fleirtalet som vedtok dagens resolusjon, viser at Europaparlamentet er uvanleg samla i synet på brexit. I tillegg er det uvanleg at Parlamentet, Rådet og Kommisjonen er så samstemde i eit spørsmål. Ein del har venta at EU-samhaldet ville bli sett på prøve når forhandlingane hadde starta, men det er så langt ikkje teikn til dette. Med dette som bakteppe er det

vanskeleg å sjå at forhandlingsrunden neste veke skal gje nok framgang til at Det europeiske råd vil gje klarsignal til å starte drøftingar med Storbritannia også om det framtidige tilhøvet til EU.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no